

TURPROGRAM JÆREN TURLAG



FOTO: Ragnar Egeland

INFORMASJON



FRÅ JÆREN TURLAG

Jæren Turlag ønsker velkommen til eit nytt og spennande turår. I turprogrammet for 2026 finn du oversikt over alle fellesturane. Turlaget er stolte

over å kunna tilby alt frå enkle nærturar til meir krevjande fjellturar og varierte turopplegg for heile familien.

Jæren turlag ønsker å leggja til rette for at endå fleire kan delta på turane og arrangementa våre. For å få dette til, samarbeider me med Jæren Friluftsråd, frivilligsentralane, Dalane turlag og turgruppa 60+ i Stavanger Turistforening.

Dagsturhyttene er blitt flotte turmål for både barn og vaksne. Jæren Turlag er med på dugnad for å halda hyttene reine og fine.

Har du lyst til å bli frivillig i turlaget? Vi treng både turleiarar og frivillige til å vera med på ulike arrangement. Kanskje du har lyst å vera med i fadderlaga for dagsturhyttene?

Ta kontakt på e-post jaeren.turlag@dnt.no.

JÆREN TURLAG TRENG FLEIRE FRIVILLIGE!

Bli med på eit 3 timar gratis ambassadørkurs.

Ambassadørkurset er eit «Bli kjent kurs» som gir deg ei god innføring i det arbeidet Stavanger Turistforening gjer og dei verdiane foreininga står for. Her får du òg moglegheita til å bli betre kjent med andre frivillige. Kurset er gratis og varer i 3 timar.

- Ta kontakt med oss om du vil vera med på turar, dugnadar eller anna frivillig arbeid i Jæren Turlag.
- Alle medlemmer i Stavanger Turistforening som bur i Gjesdal, Hå, Klepp eller Time kommune er automatisk medlem av Jæren Turlag.
- Jæren Turlag har pr. november 3544 medlemmer.

Du finn oss på:

<https://www.dnt.no/stavanger>

----- facebook.com/jaerenturlag
e-post: jaeren.turlag@dnt.no

----- facebook.com/BTjaeren

INFORMASJON

JÆREN TURLAG

Barnas Turlag
Nærturar
Friluftsvenn
Høgt og Lågt
Fjellturar

BARNAS TURLAG JÆREN: Barnas Turlag Jæren er ei turgruppe i Jæren Turlag som arrangerer turar og friluftaktivitetar for barn fra 0 til 12 år. Vi ønsker å gje eit godt tilbod til familiar som liker friluftsliv, og å bidra til at endå fleire barnefamiliar på Jæren kjem seg ut på tur. Dette året samarbeider vi med Dalane turlag.

NÆRTURAR: I lag med jærkommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time har Jæren Turlag merka 26 turløyper rundt tettstadane i desse fire kommunane. Med nærturar meiner vi turar som gjerne bind saman både bustad – og grøntområde. Ofte er det interessante historiar som turleiar informerer om. Turane går stort sett på gode stiar, grusvegar og asfalt.

FRILUFTSVENN Melsvatnet: Friluftsvenn er eit samarbeid mellom Jæren turlag, Jæren Friluftsråd og Time Frivilligsentral og blir arrangert onsdagar kl 1000, ein gong i månaden. Tur og bålkos ved Melsvatnet og Melsbu.

HØGT OG LÅGT: Er eit samarbeid mellom Jæren turlag og Stavanger Turistforening (STF) 60+. Turane er varierende og går langs heile jærkysten frå Hauge i Dalane i sør, til ei eller anna øy rundt Stavanger. Turgruppa er open for alle, men er tilrettelagt for deltakarar som kanskje ikkje maktar å gå på dei høgaste toppane, og som kanskje kjenner at ein treng ein ekstra pause eller to.

FJELLTURAR: Fjellturane i Jæren Turlag er turar som er opne for alle, men er berekna på ungdom, vaksne og spreke seniorar. Nivået på turane varierar frå vandring i terreng til besøk på ruvande og flotte toppar. Dei høgaste toppane er krevjande og du må ha god kapasitet om du skal vera med.

NIVÅ PÅ TURANE

Enkel: ●

Krev ingen spesielle ferdigheiter. Maks 300 m moderat stigning, inntil 8 km. Går på asfalt, grus og gode stiar

Moderat: ●

Krev noko erfaring med å gå i terreng og normalt god form. Maks 600 m moderat stigning, inntil 12 km. Går heilt eller delvis på sti, kan ha enkelte bratte parti.

Krevjande: ●

For erfarne turgåarar med god utholdenheit. Maksimalt 1200 m stigning, inntil 20 km. Går på sti, i ope terreng, stein, ur og snauffjell.

Ekstra krevjande: ●

Dagsetappar på meir enn ca. 20 km, tidvis i svært bratt og ulendt terreng og ofte utanom merka løyper. Passar for deg som er i svært god form og har god fjellerfaring.

Turprogram 2026

Nærturar vår

* ikkje merka som nærtur

Dato:	Tittel:	Tur type:	Sted	For Kven:	Nivå:
04.02	Orstadrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
18.02	Norheimsturen	Nærtur	Time	Vaksen	●
04.03	Sandtangen	Nærtur	Time	Vaksen	●
18.03	Flassavatnet	Nærtur	Gjesdal	Vaksen	●
08.04	Haugstadskogen	Nærtur	Hå	Vaksen	●
22.04	Undheim - Tunheim *	Nærtur	Time	Vaksen	●
06.05	Hadlandskogen - Melsvatnet	Nærtur	Time	Vaksen	●
13.05	Ulvatjørna *	Nærtur	Time	Vaksen	●
20.05	Sirevåg *	Nærtur	Hå	Vaksen	●
27.05	Orrestranda *	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
03.06	Grasdalen	Nærtur	Time	Vaksen	●
10.06	Lalandsrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
17.06	Øksnavad - Gruda *	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
24.06	Tinghaugrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●

Nærturar haust

05.08	Børunden *	Nærtur	Hå	Vaksen	●
12.08	Bratlandsåno	Nærtur	Hå	Vaksen	●
19.08	Hammaren	Nærtur	Gjesdal	Vaksen	●
26.08	Verdalsrunden	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
02.09	Øygardsvatnet	Nærtur	Gjesdal	Vaksen	●
16.09	Rundt Elisberget	Nærtur	Time	Vaksen	●
30.09	Stemmen	Nærtur	Time	Vaksen	●
14.10	Kleppevarden rundt	Nærtur	Klepp	Vaksen	●
28.10	Kalbergskogen	Nærtur	Time	Vaksen	●
11.11	Dalabekken	Nærtur	Hå	Vaksen	●
25.11	Melsvatnet *	Nærtur	Time	Vaksen	●

Detaljert informasjon om turane finn du på nettsida til Jæren Turlag: <https://www.stf.no/jren-turlag/>



Turprogram 2026

Barnas Turlag *vert arrangert av Dalane turlag

Dato:	Tittel:	Tur type:	Sted	For Kven:	Nivå:
01.02	Kom Deg Ut Dagen (<i>Sandtangen</i>)	Arrangement	Time	Familiar	●
20.03	Turbohytta Hunnedalen (<i>til 22.03</i>)*	Overnatting	Gjesdal	Familiar	●
23.05	Gaudland (<i>til 25.05</i>)*	Overnatting	Sokndal	Familiar	●
07.06	Eigerøy/Fyrvokterboligen *	Familedag	Eigersund	Familiar	●
14.06	Smøråsen - Grønåsen	Topptur	Hå	Familiar	●
31.07	Kosebamsetur til Grautheller (<i>til 02.08</i>)	Overnatting	Sandnes	Familiar	●
16.08	Fisketjørnbu (<i>Dagsturhytta</i>)	Fjelltur	Gjesdal	Familiar	●
06.09	Kom Deg Ut Dagen (<i>Melsvatnet og Melsbu</i>)	Arrangement	Time	Familiar	●
27.09	Karten	Topptur	Time	Familiar	●
06.12	Nissetur til Frøya (<i>Dagsturhytta</i>)	Nissetur	Klepp	Familiar	●

Kurs for ungdom, voksne og seniorer

11.02	Førstehjelpskurs	Kurs	Bryne	Ungdom+	●
11.03	Ambassadørkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
14.03	Grunnleggende turleiarkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
26.03	Nærturleiarkurs	Kurs	Gramstad	Ungdom+	●
11.04	Grunnleggende turleiarkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
23.04	Ambassadørkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
09.05	Grunnleggende turleiarkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
16.09	Ambassadørkurs	Kurs	Gramstad	Ungdom+	●
19.09	Grunnleggende turleiarkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
22.10	Ambassadørkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●
24.10	Grunnleggende turleiarkurs	Kurs	STF	Ungdom+	●

Detaljert informasjon her: <https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/jaren-turlag/>

Turprogram 2026

Fjellturar

Dato:	Tittel:	Turtype:	Sted	For Kven:	Nivå:
26.04	Gyaksla og Rygla	Topptur	Eigersund	Vaksen	●
31.05	Giljastølen - Ramstoknuten	Topptur	Gjesdal	Vaksen	●
28.06	På umerka stiar i Madland	Fjelltur	Gjesdal	Vaksen	●
23.08	Helgefjell	Topptur	Gjesdal	Vaksen	●
29.08	Hunnedalen-Tomannsbu (til 30.08)	Overnatting	Gjesdal	Vaksen	●
27.09	Fire toppar frå Veraland	Topptur	Sandnes	Vaksen	●

Friluftsvenn Melsvatnet

07. Januar	08. April	01. Juli	07. Oktober
04. Februar	06. Mai	05. August	04. November
04. Mars	10. Juni	02. September	02. Desember

Høgt og Lågt (eit samarbeid med STF 60+)

14.02	Hålandsvatnet	Rundtur	Randaberg	Vaksen	●
14.03	Reianes rundt	Rundtur	Rennesøy	Vaksen	●
11.04	Hommersåk-Lauvåsen	Rundtur	Sandnes	Vaksen	●
09.05	Lågliå	Terrengtur	Time	Vaksen	●
13.06	Svartaknuten	Topptur	Bjerkreim	Vaksen	●
08.08	Gloppenuten	Topptur	Gjesdal	Vaksen	●
12.09	Nærland - Obrestad	Kysttur	Hå	Vaksen	●
10.10	Utvidet Vannverketur	Rundtur	Stavanger	Vaksen	●
07.11	Vannbasengane	Rundtur	Eigersund	Vaksen	●

Detaljert informasjon her: <https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/jaren-turlag/>

GALLERI

AKTIVITETAR FRÅ 2025



FOTO: Einar Jordbrenk



FOTO: Deltager



FOTO: Anne Grete Madsland Tjemsland



FOTO: Anne Reidun Garpestad



FOTO: Anne Reidun Garpestad



FOTO: Alf Kåre Sirevåg

BLI MEDLEM

MEDLEMSFORDELER I STAVANGER TURISTFORENING

- 30 % rabatt på 46 hytter i Ryfylkeheiene og 550 DNT-hytter.
- Store rabattar på betjente hytter som Krossvatn på bildet ovenfor.
- Barn under 12 år bur GRATIS på sjølv- og ubetjente hytter.
- Ungdom overnattar til halv pris.
- Rabatt på proviant på hyttene.
- Rabatt på STF's fellesturar og kurs.
- DNT's årbok.
- STF's turmagasin TURglede.
- 6 utgåver av Fjell og vidde.
- Fiskerettar i dei fleste vatn og vassdrag langs STF's rutenett.
- Medlemsprisar med 15 % rabatt på turutstyr, kart og bøker i vårt tursenter.
- Gratis turrettleing i tursenteret i Stavanger.
- Gode rabattavtalar hos våre samarbeidspartnarar (sjekk på stf.no).

Alle medlemar i Stavanger Turistforening som har adresse i kommunane Hå, Time, Klepp eller Gjesdal vert automatisk medlem i Jæren turlag.